



Ashild og Knut har kome heim frå Island med ein rik fotohaust. Her viser dei fram eit bilete frå den blå lagunen

Isendingen og handelsmannen Erlingur Nielsson har leia ei ny gruppe til heimlandet og atter ein gong er deltakarane fulle av ros om jobben hans. Han var utruleg lokalkjent og ytte ein

**service som gjekk langt utover det vanlege. Det sleg Åshild og Knut Sjøwall fast etter turen gjennom Sør-Island frå 9. til 15. juli. 8 av dei 42 som var med var frå Uskedalen, Dei var utanom Åshild og Knut Arnhild Myklebust, Else Marie og Nils Bjarne Eik, Kåre Kristoffersen, Gunn Sølvi Rød Kristoffersen og Soveig Kjærland.**

Deltakarane kunne konstatera at Island har kome gjennom finanskrisa.

Åshild og Knut fekk mange sterke inntrykk av korleis naturkreftene stadig gjer seg gjeldande på øya. Dei var til staden for det siste heftige vulkanutbrotet og dei var til Heimaey der ein tredel av byen vart øydelagt samstundes som øya auka arealet sitt med 20 prosent.

Ein spesiell plass dei vitja var staden der Europa og USA møtast reint geologisk og ein annan huset der presidentane frå USA og Sovjet-Unionen la mykje av grunnlaget for avspenning og ein ny giv.

Noko som overraska Knut spesielt var at landet har så store jordbruksareal. Bading i den blå lagunen var ikkje overraskande første post på programmet

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen